

# ET DUKKEHJEM

*Et dukkehjem* er eit skodespel i tre akter av Henrik Ibsen. Stykket er utgitt i 1879. Temaet i skodespelet er den vanskelege posisjonen kvinnene har i det borgarlege ekteskapet.

Stykket har fem viktige personar:

- Nora Helmer
- advokat Torvald Helmer (ektemannen til Nora)
- doktor Rank (ein venn av familien, han er sjuk og skal snart døy)
- sakfører Krogstad
- enkefru Linde (venninna til Nora)

## 1. akt

I første akt er det jul. Nora er glad og pyntar i huset. Ho er letta fordi det snart er slutt på åtte års dobbeltliv: Då dei var nygifte, lånte Nora mange pengar av Krogstad. Ho gjorde det for å kunne hjelpe Torvald, som var blitt svært sjuk. Dette var ei straffbar handling fordi ho forfalska underskrifta til faren for å få låne pengane. Faren hennar døydde like etter. Lånet er hemmeleg, og Nora har aldri fortalt dette til Torvald. Sidan har ho på overflata vore Helmers snille og lydige kone, men i det skjulte har ho jobba hardt for å betale lånet tilbake.

No er Helmer blitt sjef i banken der Krogstad arbeider. Krogstad har dårleg rykte, og den plettfrie Helmer har tenkt å gi han sparken. Krogstad er redd for å miste jobben i banken, og han truar Nora med å avsløre den falske underskrifta dersom ho ikkje hjelper han.

## 2. akt

Nora er fortvila. Ho kan ikkje fortelje Torvald om lånet. Doktor Rank, som er dødssjuk, er velstående. Han vil gjerne hjelpe Nora, men når han seier at han elsker henne, forstår ho at ho ikkje kan ta imot hjelp frå han. Nora er redd for kva som kan skje dersom Torvald får vite sanninga.

## 3. akt

I tredje akt kjem løysinga. Torvald får vite kva Nora gjorde for mange år sidan. Han viser avsky for den falske underskrifta hennar. Torvald vert rasande og er redd for å tape ansikt. Han er redd for kva folk vil seie.

Krogstad forelskar seg så i fru Linde. Han seier til Nora at han ikkje vil avsløre henne. Når Torvald får vite dette, forandrar han seg igjen. Han trur at no kan alt halde fram som før. Han er letta. Men Nora har sett kven Torvald verkeleg er. Ho har sett at han berre er forelska i henne fordi ho er vakker. Han er egoistisk, og han ser ikkje kva ho faktisk har ofra for han. Han respekterer henne ikkje. Ein slik mann kan ho ikkje elske, og ho forlèt han.



## OM FORFATTAREN

### Henrik Ibsen (1828–1906)

Henrik Ibsen var ein norsk forfatter og dramatikar. Han skreiv samfunnskritiske tekstar. I skodespela sine legg han vekt på problem i samfunnet som vi kan kjenne att også i dag. Han var tidleg ute med å skildre kvinner sin situasjon i ei tid då dei enno ikkje hadde fått stemmerett i Noreg. I tillegg fortel han om mellommenneskelege forhold med stor kunnskap. Vi får innsyn i gode og vonde krefter i menneskesinnet og korleis desse kreftene kan føre til lykke og ulykke.

Henrik Ibsen er enno i dag ein av dei mest kjende forfatarane i verda. Skodespela hans vert framførte på store og små scener internasjonalt.